



ÅLESUNDREGIONEN INTERKOMMUNALE
MILJØSELSKAP IKS
Langelandsvegen 1
6010 ÅLESUND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS - revisjonsrapport 2019.003.R.FMMR

Denne rapporten handlar om resultatet frå ein revisjon gjennomført 28.1 og 31.1 hos Ålesund regionen interkommunale miljøsekskap IKS (ÅRIM). Rapporten blir rekna som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er mottatt.

Desse personane var til stades under revisjonen:

Frå verksemda:

Tom Haugen

Knut Ove Rødseth

Magnus Guldhaug

Richard Flåte

Terje Moe, Kjølen

Daniel Flåte Dahl, Nøsa

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:

Gunnhild Liva Austvoll

Christian Dahl

Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekka 4 avvik og ga ingen merknadar under revisjonen.

Avvika gjeld:

1. Risikovurderinga for ytre miljø er mangelfull og det er ikkje gitt god nok opplæring
2. Handtering av avvik fungerer ikkje godt nok
3. Beredskapsplan er mangelfull og inneheld informasjon som kan medføre miljøfare
4. Verksemda kan ikkje dokumentere systematisk opplæring

Avvik og merknader er nærare skildra i punkt 3 og 4 i rapporten.



ÅRIM må innan 1.9.2019 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarleg

Gunnhild Liva Austvoll
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Namn: Ålesundregionen interkommunale miljøsekskap IKS	Anleggsnummer: 1534.0098.01 og
Bedriftsnr. for undereininga: 995305445	Eigd av (organisasjonsnr.): 994717286
Kommune: Ålesund	Anleggsaktivitet:
Kontrollnummer: 2019.003.R.FMMR	Risikoklasse: 1

2. Bakgrunn for revisjonen

Revisjonen blei gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova, internkontrollforskrifta og løyve blir følgt. Revisjonen er ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt risikobaserte industritilsyn for 2019.

Tema for revisjonen var:

- Risikovurdering
- Handtering av farleg avfall
- Beredskap for ytre miljø
- Internkontroll knytt til ytre miljø med risikovurdering og rutinar
- Deklarering av avfall på miljøstasjonane

Rapporten dreier seg om avvik og merknader som blei avdekka under revisjonen og gir inga fullstendig vurdering av tilstanden til miljøarbeidet eller miljøstatusen ved verksemda.

3. Avvik

Avvik blir definert som manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Fylkesmannen fant følgjande avvik under revisjonen:

Avvik 1

Risikovurderinga for ytre miljø er mangelfull og det er ikkje gitt god nok opplæring i verksemda si risikovurdering

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 og 2

Kommentarar:

Verksemda si risikovurdering er veldig enkel og inneheld få områder kor det kan oppstå risiko for ytre miljø. Verksemda kunne berre vise til ein risikovurdering for «feil handtering av farlig avfall», dette er ein generell vurdering som ikkje gjer at man vil kunne identifisere tiltak for å redusere risiko. For å jobbe systematisk med å redusere risiko må dei enkelte farane vere spesifikke.



Det manglar også ein handlingsplan som viser risikoreduserande tiltak knytt til farar med uakseptabel risiko.

Det som er gjort av risikovurdering er ikkje kjent i organisasjonen. Når risikovurderinga ikkje er kjent blant dei tilsette vil man ikkje få god medverking frå dei tilsette i arbeidet med å utvikle risikovurderinga og jobbe med skadereduserande tiltak.

Avvik 2

Handtering av avvik fungerer ikkje godt nok.

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7

Kommentarar:

Det er meldt få avvik og det er uklart kva som kan/skal meldast. Dette kan skyldast at risikovurderinga ikkje er kjend blant dei tilsette. Manglande kjennskap til og mangelfull risikovurdering gjer at det kan det vere vanskeleg å melde avvik. Det kom fram at leiinga ynskjer fleire avvik og dei tilsette veit at dei skulle ha levert fleire avvik.

Vi fekk tilbakemelding på at app ikkje fungerer, men avvik kan meldast på papir.

Avvik 3

Beredskapsplan er mangelfull og inneheld informasjon som kan medføre miljøfare

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6

Kommentarar:

Det bør utarbeidast ei meir omfattande beredskapsplan som tek for seg alle tilhøve som kan medføre fare. Beredskapsplan kan knytast til risikovurderinga. Det står i gjeldande plan at søl som kan medføre forureining skal tørkes opp før eventuell spyling. Dette kan medføre forureining og det bør risikovurderast om dette er forsvarleg.

Beredskapsplan for Kjølen Miljøstasjon omfattar ikkje forureining av ytre miljø, berre brann.

Avvik 4

Verksemda kan ikkje dokumentere systematisk opplæring

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta § 5

Kommentarar:

Det kom fram under intervju at ein kompetanseplan skal utarbeidast. Det er en oversikt på kva for kurs den enkelte har gjennom ført, men denne seier ikkje noko om kva for kurs som krevjast.



Det går heller ikkje fram om den enkelte er gjort kjend med verksemda si risikovurdering, beredskap og avvikssystem.

4. Andre tilhøve

For å avgrense revisjonen hadde fylkesmannen valt ut to miljøstasjonar som vi såg nærare på, dette var Nøsa- og Kjølen Miljøstasjon. Vi fekk i tillegg spørsmål frå tilsette i ÅRIM om kordan dei kunne løyse tilhøva ved andre enn desse to miljøstasjonane.

Det var tilsette hos ÅRIM som tok opp tilhøve ved andre miljøstasjonar dette omhandla feil eller manglande rapportering av avfall.

For å kunne rette opp i dette ber vi ÅRIM gå igjennom dei avtalane som er inngått med miljøstasjonane. Det er ÅRIM sitt ansvar at desse avtalane blir fylgt og at det som rapporterast er riktig. Vi ber og ÅRIM vurdere om dei ynskjer ei endring av løyvet på Kjølen miljøstasjon. Slik det er i dag, er ÅRIM ansvarleg for at vilkår i løyve vert fylgt.

5. Oppfølging etter revisjonen

ÅRIM har plikt å rette opp dei avvika som er skildra i denne rapporten så snart som mogleg. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saka, må ÅRIM innan 1.9.2019 sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta.

Vi ber om at de sender svarbrev på e-post til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no eller på papir til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer. Saksnummeret er 2010/2544.

6. Vedtak om gebyr

Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla i brev datert 19.12.2018 at Ålesundregionen interkommunale miljørådselskap IKS vil bli pålagt eit gebyr på kr 49 200 for revisjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarar til sats 5. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Moglegheit for klage

De har rett til å klage på valet av gebyrsats innan tre veker etter at de har mottatt denne rapporten. Klagen skal angi den eller dei endringane som de ønskjer. Klagen bør grunngjevast og skal sendast til Miljødirektoratet.



7. Offentlegheit

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for offentlegheita via postjournalen til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jf. offentleglova. I tillegg vil rapporten vere tilgjengeleg på www.norskeutslipp.no.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for revisjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemda for Kjølen miljøstasjon etter forureiningslova frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal

9. Informasjon til verksemda

Brosjyrar/informasjonsark som blei delt ut under revisjonen:

- Gebyr ved kontroll (M-297/2015)
- Drift av oljeutskillere (M 30 - 2013)
- Hva kan min virksomhet gjøre for å begrense marin forurensning og mikroplast? (M-992/2018)